



Torfinn Myklebust under det siste møte han deltok på i kommunestyret. (Foto: Kristian Hus)

**Torfinn Myklebust er død,brått og uventa. Han vart 66 år gamal.
Med han er ein av dei best kjende og mest respekterte uskedelingar**

og kvinnheringar gått bort.**Han var utruleg kunnskapsrik og ein svært dyktig pedagog, pressemann og politkar.**

Myklebust var superveteran i politikken. Han hadde nyleg kunngjort at hans lange liv som politkar var over etter 28 års teneste i kommunestyret og 20 i formannskapet. Gjennom åra representerte han 3 parti: Høgre, Tverrpolitisk Samlingsliste og Innbyggjarpartiet.

Han takka for seg som politkar også for 4 år sidan, men vart likevel innvald frå listeplass nummer 17. Det seier mykje om at han var høgt respektert hos velgjarane. Når han no takka for seg, ynskte han å vera ein folkets ombodsmann.

Han var ein uredd politkar som ikkje hadde overdreven respekt for byråkratar og var redd for at dei skulle få for mykje makt.

Myklebust hadde ein bakgrunn som pressemann og var eit skrivande menneske gjennom heile livet. For både mange yngre pressefolk og andre var han ein god rådgjevar. Han dreiv eit fruktbart vekselbruk mellom journalistikken og pedagogikken.

Han var med og skipa Kvinnheringen i 1973 og var sidan ansatt i Bergens Tidende og Haugesunds Avis. Her i Uskedalen var han ein verdfull støttespelar for oss som driv med produksjonen av uskedalen.no og Uskedalsposten.

Myklebust var utan tvil den mest reiseglade i Kvinnherad. Då han takka for seg for 4 år sidan sa han at han ikkje var lei politikken, men at han ville prioritere reising. Det gjorde han til fulle – gjennom heile livet. I fjor kunne han slå fast at han hadde besøkt alle byane i Sør-Noreg.

Frå før hadde han vore innom alle 53 hovudstadane i Europa. Også i det siste leveåret hans var han på reiser både i Afrika og Asia.

Under reisene sine fekk han tilfredsstilt hungeren etter meir kunnskap.

Ikkje minst i quiz-tevlingane dei seinare åra viste han kor mykje han visste.

Myklebust hadde stor kontaktflate både i lokalmiljøet og langt utover det. Han var snill og omgjengeleg og vil bli djupt sakna av mange.

Ola Matti Mathisen